



FJELLNETTVERKET

ÅRSRAPPORT 2020

VISJON

Levande og livskraftige fjellbygder

FORMÅL

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, som skal vere pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

STRATEGIAR

Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltarar og leverandør i regional- og nasjonalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda

Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid.

Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak



FJELLNEDTVERKET

Styreleiar har ordet



Året 2020 vil bli hugsa for pandemi og smittevern-tiltak. Også arbeidet i Fjellnettverket vart sterkt prega av dette. Vi måtte, med bruk av nye digitale møteplassar og kommunikasjonsformer, arbeide på andre måtar for å fremme våre felles interesser. Og vi fekk sjå kor nyttig det er å ha eit etablert nettverk, som gjer at vi også i svært krevjande tider kan bruke ressursar på viktige felles oppgåver.

Styret i Fjellnettverket har berre hatt eit fysisk møte, men vi har likevel hatt gode drøftingar om viktige saker. Styret har kome med innspel til fleire nasjonale og regionale diskusjonar, i høyringsuttaler om offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar, og i fleire uttaler om aktuelle spørsmål. Av årsrapporten går det fram kva for konkrete saker styret har arbeidd med.

Pandemien, og dei smittevern-tiltaka som er nødvendige, har vist oss kvifor det er så viktig for heile samfunnet at dei ressursane vi finn i fjellområda blir tatt vare på og vidareutvikla. Matproduksjon og reiseliv er to næringar som illustrerer dette. Både to har det siste året vore gjennom store utfordringar, men dei to har også stått fram som eksempel på at ressursane i fjell-områda er svært viktige, i tider der tilgangen på andre ressursar blir avgrensa. Norske matvarer og norsk reiseliv er vinnande lag i dei resultata som korona-året 2020 har gitt oss.

Pandemien har vist oss kor avgjerande digitale løysingar er for eit samfunn i krise, men vi veit at det er like viktig også i normale tider. Fjellnettverket sitt mangeårige fokus på digital infrastruktur som avgjerande, for at ressursar i alle delar av landet skal kunne brukast, og for desentralisering av arbeidsplassar, nådde i 2020 fram hos mange. Men framleis er det mykje som står att, før nødvendige utbyggingar er gjort, og strategiar er gjort om til gjennomføring av nødvendige tiltak.

Med det arbeidet som er gjort i Fjellnettverket i 2020 har vi kome nokre steg vidare mot dei mål vi skal nå. Men mange steg står att. Når vi kjem ut av pandemien må vi både ta med oss lærdomen den har gitt oss, og finne nye vegar, fram mot fjellområda sine løysingar for eit berekraftig samfunn.

Olav Røssum, styreleiar Fjellnettverket



FJELLNEDTVERKET

MEDLEMMAR

Fjellnettverket hadde desse medlemmene i 2020:

Fylkeskommunar:

- Viken fylkeskommune
- Innlandet fylkeskommune
- Trøndelag fylkeskommune
- Vestfold og Telemark fylkeskommune

Regionråd:

- Regionrådet for Fjellregionen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
- Lillehammerregionen
- Regionrådet i Hallingdal
- Setesdal Regionråd
- Valdres Natur- og Kulturpark
- Vest-Telemarkrådet

Kommunar:

- Krødsherad kommune
- Nore og Uvdal kommune
- Rollag kommune
- Røros kommune
- Tinn kommune
- Vinje kommune



FJELLNEDTVERKET

RÅDET

Rådet er Fjellnettverkets øvste organ. Det er medlemmene som oppnemner representantar med personlege vararepresentantar til rådet. Funksjonstida er fire år. Oversikta viser rådet ved utgangen av 2020.

Fylkeskommunar

Innlandet fylkeskommune: Aud Hove (Sp) og Hanne Velure (H)

Trøndelag fylkeskommune: Tone Våg (A) og Ingvill Dalsegg (H)

Vestfold og Telemark fylkeskommune: Terje Riis-Johansen (Sp) og Lina Bringsli (KrF)

Viken fylkeskommune: Olav Skinnes (Sp) og Anne Beathe Tvinnereim (Sp)

Regionråd

Lillehammerregionen: Jon Halvor Midtmageli (Sp) og Anne Synnøve Østensen (Ap)

Regionrådet for Fjellregionen: Linda Døsen (Ap) og Kristin Langtjernet (Ap)

Midt-Gudbrandsdal regionråd: Arne Fossmo (Ap) og Ole Tvete Muriteigen (Sp)

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Bjarne Eiolf Holø (Sp)

Regionrådet i Hallingdal: Heidi Granli (Ap) og Pål Rørby (Sp)

Setesdal Regionråd: Inger Lise Lund Stulen (Ap) og Jon Rolf Næss (Ap)

Valdres Natur- og Kulturpark: Odd Erik Holden (Sp) og Haldor Ødegård (Sp)

Vest-Telemarkrådet: Jarand Felland (Sp) og Halvor Homme (Ap)

Kommunar

Nore og Uvdal kommune: Jan Gaute Bjerke (Ap)

Krødsherad kommune: Knut Martin Glesne (Tverrpolutisk Bygdeliste)

Tinn kommune: Steinar Bergsland (H)

Rollag kommune: Viel Jaren Heitmann (Sp)

Vinje kommune: Nils Johan Svalastog Garnes (Sv)

Røros kommune: Christian Elgaaen (SV)



FJELLNEDTVERKET

STYRET I FJELLNEDTVERKET

I styret er det ein representant frå kvar fylkeskommune og fire representantar frå kommunane/regionråda. Styreleiar og nesteleiar blir valde for ein periode på to år. Styret i Fjellnettverket har hatt fem styremøte, eitt styreseminar og handsama 52 saker.

Styreleiar: Olav Røssum (Sp)
Innlandet fylkeskommune

Nestleiar: Inger Lise Lund Stulien (Ap)
Setesdal regionråd

Olav Skinnes (Sp)
Viken fylkeskommune

Terje Riis-Johansen (Sp)
Vestfold og Telemark fylkeskommune

Marit Bjerkås (Ap)
Trøndelag fylkeskommune

Odd Erik Holden (Sp)
Valdres Natur- og Kulturpark

Christian Elgaaen (Sv)
Røros kommune

Solveig Vestenfor (Ap)
Regionrådet for Hallingdal

VARAMEDLEMMER TIL STYRET

Varamedlemmer til styret i prioritert rekkefølge:

1. Hanne Velure (H), Innlandet fylkeskommune
2. Lina Bringsli (KrF), Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Bjarne Eiolf Holø (Sp), Regionrådet Nord-Gudbrandsdal
4. Guri Heggem (Sp), Trøndelag fylkeskommune
5. Trond Kjetil Jore (Ap), Tinn kommune
6. Liv Margit Karto (H), Vestfold og Telemark fylkeskommune



FJELLNEDTVERKET

SEKRETARIAT

Sekretariatet i Fjellnettverket har kontor på Reiselivssenteret på Geilo. I 2020 har Fjellnettverket hatt to tilsette:

Dagleg leiar Kari Randen
Elin Halland Simensen, prosjektleiar for mat og reiseliv

Viken fylkeskommune har det administrative ansvaret, og bidreg med tenester som rekneskapsføring, IKT og nettløysingar. Dei tilsette er knytt til avdeling for distrikt og næringsutvikling i Viken fylkeskommune.

ADMINISTRATIV GRUPPE

Alle medlemmene i Fjellnettverket har ein administrativ representant som arbeider med saker og innstillingar som leggjast fram for styret. Dei administrative kontaktane har ansvaret for å formidle aktuelle saker frå Fjellnettverket inn i sin organisasjon.

- Viken fylkeskommune: Hilde Beate Aarø
- Innlandet fylkeskommune: Torunn Kornstad
- Vestfold og Telemark fylkeskommune: Audun Mogen
- Trøndelag fylkeskommune: Turid Helene Vollmo
- Fjellregionen (Nord-Østerdal): Rune Jørgensen
- Regionrådet i Hallingdal: Knut Arne Gurigard
- Regionrådet Nord-Gudbrandsdal: Frode Damstuen
- Midt-Gudbrandsdal regionråd: Irene Teige Killi
- Vest-Telemarkrådet: Anne Aasmundtvit
- Valdres Natur- og Kulturpark: Jørand Ødegård Lunde
- Setesdal Regionråd: Rita Hansen
- Lillehammer-regionen: Henning Holmbakken
- Krødsherad kommune: Ellen Anne Svartbrenna Bye
- Rollag kommune: ikkje oppnemnt
- Tinn kommune: Jenny Fossum Grønn
- Vinje kommune: Thor Christiansen
- Nore og Uvdal kommune: Målfrid Toeneiet
- Røros kommune: Anette Sæther



FJELLNEDTVERKET

FJELLNEDTVERKET SKAL VERE EIN

AKTIV DELTAKAR OG LEVERANDØR I REGIONAL- OG NASJONALPOLITISKE DISKUSJONAR

Fjellnettverket har engasjert seg i saker som er viktige for fjellområda og medlemmane i regional og nasjonal politikk. I løpet av året har Fjellnettverket arbeidd med ei rekke ulike saker for å fremje fjellområda sine interesser.

Klimakur 2030

Korleis skal Noreg fram mot 2030 redusere utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor? Det var utgangspunktet for rapporten Klimakur 2030. Der vart det foreslått over 60 ulike tiltak frå utvalet som var sett av regjeringa til å arbeide med dette. Fjellnettverket sendte inn høyringssvar til rapporten. Der la me vekt på at nettverket støtta arbeidet med å redusere utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor. Men Fjellnettverket etterlyste ein samanheng mellom FNs berekraftsmål og påpeikte at skal me lukkast i å få eit meir berekraftig samfunn må klima og CO2-utslepp sjåast i samanheng med andre utfordringar samfunnet står overfor.



Kyr på veg heim til setra etter ein lang dag på beite Foto: Torunn Kornstad



FJELLNEDTVERKET

Fjellnettverket meinte at forslaget om å redusere bruken av raudt kjøt i det omfanget som utvalet foreslo, ikkje var godt nok grunngjeve, og ikkje tok omsyn til karbonbinding i jord, albedoefekten og behovet for matproduksjon i framtida.

Fjellnettverket understreka at fjelljordbruket er viktig for matproduksjonen, sysselsetting og infrastruktur. Jordbruket held ved like kulturlandskap og kulturarv, som òg er ein heilt sentral føresetnad for reiselivet i fjellet.

Høyringssvar Klimakur 2030

Levande lokalsamfunn for framtida

Stortingsmeldinga *Levende lokalsamfunn for fremtiden Meld. St. 5 (2019 – 2020)*, kom i slutten av 2019.

Fjellnettverket deltok på høyring på Stortinget i januar og la fram status for fjellområda og etterlyste ein eigen fjellpolitikk. På grunn av koronakrisa ynskte komiteen ei ny høyring, og Fjellnettverket deltok på denne i november 2020.

Der tok me opp konsekvensane av koronakrisa i fjellområda og at det trengs ei satsing på næringsutvikling i distrikta. I tillegg tok Fjellnettverket opp beredskap for distrikta og behovet for digital infrastruktur.

Domstolstruktur

I slutten av 2019 vart *NOU 2019:17 Domstolsstruktur* frå Domstolsutvalet lagt fram. Justis- og beredskapsdepartementet kom i etterkant med eit eige forslag og begge vart sendt ut på høyring. Fjellnettverket påpeikte i høyringssvaret at begge forslaga ville føre til lengre reiseveg for folk i distrikta og at dersom forslaget vart gjennomført ville fjellområda miste viktige arbeidsplassar.

Styret i Fjellnettverket meinte at dagens domsstolstruktur sikrar innbyggjarane og legitimiteten til rettssystemet, og Fjellnettverket oppmoda om å finne andre måtar innanfor lovverk og gjennom finansiering for å styrke domstolane i Noreg.

Høyringssvar: [Fjellnettverket vil behalde domstolane](#)



FJELLNEDTVERKET

Morialeiren

Styret i Fjellnettverket vedtok i september ei uttale til støtte for å hente fleire frå Moria leiren. Fjellområda har plass og ynskje om å stille opp for menneske i stor naud, heiter det i uttala.

Uttale: [Hent born frå Moria- leiren no!](#)

Statsbudsjettet

I handsaming av statsbudsjettet tok Fjellnettverket opp situasjonen for reiselivet. Som ein del av krisepakka for reiselivet vart det innført meirverdiavgift på 8 prosent. I forslaget til statsbudsjett var forslaget at denne skulle aukast til 12 prosent. Fjellnettverket meinte at meirverdiavgifta for reiselivet burde haldast på 8 prosent og at kompensasjonsordningane i samband med koronapandemien måtte aukast.

Innspel til statsbudsjettet: [Låg mva og styrka kompensasjonsordning for reiselivet - for arbeidsplassar i fjellbygdene](#)

Fjellnettverket sendte òg skriftleg innspel og møtte på høyring i Transport- og kommunikasjonskomiteen, der me tok opp utbygging av breiband i distrikta. Tilgang på breiband er viktig for deltaking i demokratiske prosessar, lik rett til utdanning, næringslivet i distrikta og lik rett til offentlege tenester:

Innspel til statsbudsjettet: [Auka støtte til utbygging av breiband](#)



Vintergate Røros. Foto: Torunn Kornstad



FJELLNEDTVERKET

Distriktsnæringsutvalet

I 2019 vart Distriktsnæringsutvalet oppnemnt. Fjellnettverket har kome med fleire innspel til utvalet i løpet av arbeidet: I januar 2020 deltok Fjellnettverket på høyring med utvalet. I juni sendte Fjellnettverket eit innspel til utvalet, der det særleg vart lagt vekt på behovet for ei ny målretta satsing/verdiskapingsprogram for å styrke næringslivet i fjellområda. Fjellnettverket viste til hytteforbodet og bad utvalet vurdere endringar i inntektssystemet til kommunane, og meinte at ein i større grad enn i dag bør ta omsyn til fritidsinnbyggjarar i rammeoverføringane. I tillegg meinte Fjellnettverket at i dagens digitale samfunn bør tilgang på rimeleg høghastighets breiband vere ei rettigheit uavhengig av kvar i landet ein bur.

Innspel til Distriktsnæringsutvalet: [Fjellnettverket foreslår tiltak til distriktsnæringsutvalet -](#)

Distriktsnæringsutvalet la fram NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn. Fjellnettverket meinte at meldinga var eit godt grunnlag for distriktpolitisk arbeid. Skal me ha levande og livskraftige lokalsamfunn og fjellbygder i framtida, er det nødvendig med ein offensiv distriktpolitikk, som tek i bruk vesentleg sterkare verkemiddel enn i dag. Distrikta og fjellområda bidreg med sine ressursar til landet som heilskap. Skal me i framtida nytte desse ressursane på best mogeleg vis og leggje til rette for utvikling og det grøne skiftet, må det bu folk over heile landet. Fjellnettverket meiner det er behov for ein offensiv politikk som legg til rette for næringsutvikling, og forslaga frå Distriktsnæringsutvalet bør bli praktisk politikk så snart som råd. Høyringssvaret frå Fjellnettverket vart sendt ut til alle medlemmene med oppfordring om sende inn eigne svar på høyringa.

Høyringssvar: [Godt grunnlag for ny og offensiv distriktpolitikk](#)



Distriktsnæringsutvalet tek i mot innspel frå Fjellnettverket.



FJELLNEDTVERKET

Meir lokal og norsk mat i fylkeskommunane

2019 vart mange av fylkeskommunane i Fjellnettverket slått saman. Fleire av fylkeskommunane arbeidde med nye innkjøpsstrategiar i 2020. Det var bakgrunnen for at Fjellnettverket oppmoda alle fylkeskommunane som er medlemmer i Fjellnettverket om å kjøpe inn meir lokal og norsk mat i sine verksemder. Saka var særleg viktig, på grunn av koronakrisa og færre mogelegheiter for sal av lokalmat. NRK Vestfold og Telemark laga både tv- og radioinnslag om saka. Noregs Vel støtta initiativet frå Fjellnettverket .

Oppfordring til fylkeskommunane: [Meir lokal og norsk mat i fylkeskommunane](#)



Meir norsk og lokal mat i det offentlege! Solbærbonden Øystein Timland sa til NRK at det ville betydd svært mykje for han og andre produsentar.



FJELLNEDTVERKET

Seterkultur som immateriell kulturarv

Norsk seterkultur har gjennom eit forprosjekt sett i gang eit arbeid med å få seterkultur inn på UNESCO-lista for immateriell kulturarv. Det er utarbeidd ein prosjektplan for prosjektet som har fått tittelen *En bærekraftig norsk seterkultur - på UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv*, og denne vart lagt fram for styret i Fjellnettverket.

Dagleg leiari i Fjellnettverket er med i fagleg ressursgruppe for arbeidet. Fjellnettverket støttar arbeidet med å få seterkulturen inn på UNESCO si verdsarvliste over immateriell kulturarv.



Seterdrift er ein viktig del av kulturarven. No arbeidast det for å få seterdrift inn på UNESCO si verdarvliste
Foto: Kari Håvardsrød

Innspel til planstrategi Viken

I samband med arbeidet med planstratgi i Viken fylkeskommune kom Fjellnettverket med innspel mellom anna om at klimamålsetjingane i hovudsak var retta inn mot byar og tettbygde strok. Fjellnettverket meinte at for å nå måla om utsleppsreduksjon, må det arbeidast konkret med lokale tiltak i distrikts-Noreg, slik at heile fylket kan bidra i klimadugnaden. Fjellnettverket oppmoda i tillegg Viken om å samarbeide med dei andre fylkeskommunane i Fjellnettverket.

Høyringssvar frå Fjellnettverket: [Fjellnettverkets innspel til planstrategi i Viken](#)



FJELLNEDDVERKET

Nasjonal reiselivsstrategi

Regjeringa ga i byrjinga av 2020 Innovasjon Noreg ansvaret for å utvikle ein ny nasjonal reiselivsstrategi. Styret i Fjellnettverket drøfta denne saka grundig og kom med fleire innspel på korleis ein skal arbeide for å få til eit meir berekraftig reiseliv i framtida.

I sitt innspel la Fjellnettverket mellom anna vekt på at den forventa samfunnsutviklinga med nedgang i folketal og færre arbeidsplassar i distrikta er ei stor utfordring for utvikling og auke i verdiskapinga i reiselivet, og oppfordra til å sjå reiselivet i samanheng med både landbruks- og distriktpolitikk. I tillegg tok Fjellnettverket opp potensialet som ligg i fjellområda, behovet for utvikling av heilårsturistdestinasjonar, bruk av lokal mat med meir.

[Nasjonal reiselivsstrategi innspel til Innovasjon Norge](#)



FJELLNEDTVERKET

FJELLNEDTVERKET SKAL

FORMIDLE KUNNSKAP OM FJELLOMRÅDA

Kunnskap om utfordringar og mogelegeheter i fjellbygdene er grunnlaget for god politikk. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til økt kjennskap om utviklinga i fjellbygdene.

Fjellindeksen

I samarbeid med Fjell-Forsk-Nett vart det i 2017 starta eit utviklingsarbeid for å lage ein felles indeks for fjellkommunane. Målet er at fjellindeksen skal gje eit grunnlag for vidare kunnskapsutvikling i fjelområda og gje kunnskap som kan vere grunnlag for politikk. I 2020 vart indeksen digital, og den ligg no tilgjengeleg for medlemmene på

[www.regionalanalyse.no/fjell](https://regionalanalyse.no/fjell)

The screenshot shows a web browser window with the URL https://regionalanalyse.no/fjell. The page features a dark background with a map of Norway and a teal gradient. At the top center is the Telemarksforskning logo and the text "REGIONAL ANALYSE". Below the logo are navigation links: "RAPPORTER", "ARTIKLER", "ARKIV", and "ENDRINGSLOGG". In the center of the page is the Fjellnettverket logo, followed by the text "Fjellindeksen". A paragraph explains the purpose of the index: "Fjellkommunane forvaltar viktige ressursar og er sentralt for utviklinga av Noreg og det grøne skiftet. Gjennom Fjellnettverket arbeider regionråd, fylke og kommunar saman for å utvikle og påverke politikk med ein felles visjon om levande og livskraftige fjellbygder." At the bottom, a box contains text about the importance of updated knowledge and research for development, mentioning the collaboration between Fjell-Forsk-Nett, Telemarksforskning, and Fjellnettverket.

Fjellindeksen er fjelområdas eiga kunnskapsdatabase



FJELLNEDTVERKET

Indeksen brukar tilgjengelege data og samanstiller desse for fjellkommunane samla og enkeltvis. Fjellindeksen viser mellom anna næringsutvikling, sysselsetting og befolkningsutvikling i fjellområda.

Fjellindeksen er utvikla av Telemarksforsking og vil bli oppdatert med nye tal i løpet av året.

Konferansar og fagdagar

I januar hadde Fjellnettverket ansvaret for fjellområdas delegasjon til Berlin i samband med Internationale Grüne Woche. Her deltok 50 representantar frå medlemmene i Fjellnettverket, politikarar og offentlege aktørar i eit tre dagars seminar om mat og reiseliv i fjellområda.

På grunn av korona vart Fjellkonferansen og planlagt ungdomskonferanse utsett til smittesituasjonen er avklart.



Regional delegasjon og deltakarverksemder frå Fjell Noreg samla på standen i Berlin under Internationale Grüne Woche.



FJELLNETTVERKET

Ny nettside

Kva kan vi hjelpe deg med?

Velkommen til Fjellnettverket

Om Fjellnettverket

Vi jobbar for

Vi meiner

Kontakt oss

Fjellnettverket har fått nye nettsider og ein tydelegare profil.

I 2020 fekk Fjellnettverket nye nettsider under domenet [www.fjellnettverket.no](https://fjellnettverket.no). I arbeidet er det lagt vekt på å få ein tydelegare profil på kva Fjellnettverket er og kva me arbeider med. Målsetjinga er at det skal vere ei kjelde for informasjon for medlemmene og andre målgrupper. Det er i større grad enn tidlegare lagt vekt på at Fjellnettverket er ein politisk aktør og at meiningsane og politikken til Fjellnettverket kjem tydelegare fram.

Det er lagt vekt på at nettsida skal innehalde relevant informasjon for dei som kjenner godt til nettverkets arbeid, men òg vere ein kanal som når dei som ikkje kjenner til arbeidet vårt frå før.

Det er Viken fylkeskommune som har levert den tekniske løysinga for nettsida.

Samarbeidspartar

Fjellnettverket har samarbeidsavtaler med Fjell-Forsk-Nett og Norges Fjellstyresamband, i tillegg til eit samarbeid med Utmarks kommunenes samanslutning, USS.



FJELLNEDTVERKET

FJELLNEDTVERKET SKAL

DELTA AKTIVT I INTERNASJONALT SAMARBEID

Fjellnettverket samarbeider med Euromontana. Målet med samarbeidet er å påverke politikk som i stadig aukande grad blir utvikla på dei internasjonale arenaene.

Gjennom samarbeid med den europeiske organisasjonen Euromontana har Fjellnettverket eit breitt samarbeid ut mot Europa. Fjellnettverket koordinerer fellessaker, og har kontakt med styremedlemmene i Euromontana og dei administrative følgjerepresentantane. Dei norske styremedlemmene i Euromontana har sidan 2013 hatt observatørstatus i styremøta i Fjellnettverket. Dette for å sikre god kontinuitet og samanheng i arbeidet mellom Fjellnettverket og Euromontana.

I Euromontana er det fokusert på å representere fjellsamfunn gjennom regelmessig kontakt med europeiske institusjonar, regjeringar og tverrnasjonale organisasjonar som forvaltar av fjellområdane.





FJELLNEDTVERKET

FJELLNEDTVERKET KAN SETJE I VERK

EIGNE PROSJEKT OG TILTAK

Fjellnettverket har i 2020 arbeidd med to prosjekt knytt til mat og reiseliv: *Fjell Noreg til Internationale Grüne Woche og Mat og opplevelingar i fjellet.*

Fjell Noreg til Internationale Grüne Woche

I 2020 fekk Fjell Noreg for tredje år på rad delta som ein av dei tre regionane som representerer Noreg på Internationale Grüne Woche (IGW) i Berlin. I Berlin representerte kokkar, lærlingar, matprodusentar og opplevingsverksemder fjellområda på ei av verdas største mat- og landbruksmesser.



Stolte og spente mat- og opplevingsverksemder som skal til Berlin. Foto Emilie Holba

Fjellområda i fylka Viken, Vestfold og Telemark, Innlandet, Trøndelag og Agder har jobba saman om prosjektet. Arbeidet har vore leida av Fjellnettverket og har vore eit samarbeid mellom mange aktørar.

Den norske deltagninga i 2020 var ein stand med mat- og opplevingsverksemder frå Nord-Noreg, Fjord-Noreg og Fjell-Noreg. Det overordna målet er auka samarbeid og nettverksbygging mellom aktørar innanfor matproduksjon, reiseliv og landbruk.



FJELLNEDTVERKET

Det er Landbruks- og matdepartementet som kvart år vel ut regionar som skal representere Noreg på messa i Berlin. IGW er eit av tre utviklings- og omdømmeprosjekt for mat og reiseliv i regi av Landbruks- og matdepartementet. IGW er den internasjonale satsinga og det er Innovasjon Noreg som leiar prosjektet.

Før 2018 fanst det ingen faste møteplassar eller samarbeidsprosjekt knytt til mat og opplevelingar i fjellområda. Gjennom arbeidet med IGW er det etablert nye møteplassar mellom landbruk, reiseliv, verkemiddelapparat og politikarar og geografi. Verksemdene trekker særleg fram, nye nettverk og meir samarbeid mellom matprodusentar og reiselivsverksemder som effektar av deltakinga. I Berlin fekk Fjell Noreg vist fram det beste av mat og opplevelingar som finst i fjellområda og det vart starta eit tett og godt samarbeid med regionar frå andre delar av landet.

Fylkeskommunane og statsforvaltaren i dei ulike fylka, saman med Innovasjon Noreg har bidrige med finansiering til prosjektet. Prosjektet har hatt ei matfagleg ressursgruppe, arbeidsgruppe og ei styringsgruppe for arbeidet med prosjektet.

Styringsgruppa har hatt desse medlemmene:

- Steinar Berthelsen, leiar (Buskerud fylkeskommune/Fjellnettverket)
- Aud Hove (Innlandet fylkeskommune/Fjellnettverket)
- Nina Glomsrud Saxrud (statsforvaltaren Oslo og Viken)
- Anniken Fægri Damm-Larsen (Innovasjon Noreg, Vestfold og Telemark)
- Trond Carlson (Innlandet fylkeskommune)
- Kari Randen (Fjellnettverket)

Arbeidsgruppa har vore ei operativ gruppe som har fordelt oppgåver seg imellom, bidrige til gjennomføring av prosjektet og arbeidd både i forkant og etterkant av messa.

Arbeidsgruppa hadde følgande medlemmer:

- Arve Vannebo (Viken fylkeskommune)
- Odd Arne Bratland (Trøndelag fylkeskommune)
- Marianne Stensgård (Gudbrandsdalsmat)
- Kjellaug Øverås (Statsforvaltaren i Agder)
- Merethe Hovi (Visit Valdres)

Fjellnettverket henta inn fagkompetanse i utvalet av aktuelle deltakarverksemder gjennom samarbeid med matkontaktane hos statsforvaltaren. Til saman har matkontaktene i dei ulike fylka utgjort ei matfagleg ressursgruppe. Gruppa har hatt ansvaret for kvalitetssikring, forslag til deltakarverksemder og vore støttespelarar for prosjekteininga i gjennomføringa av prosjektet.



FJELLNEDTVERKET

Matfagleg ressursgruppe hadde følgande medlemmer:

- Bob Gottschal (Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark)
- Gunn Mari Strømeng (Statsforvaltaren i Oslo og Viken)
- Ivar Lorentzen og Jorunn Stubsjøen (Statsforvaltaren i Innlandet)
- Kari Kolle (Statsforvaltaren i Trøndelag)
- Rita Hansen (Setesdal Regionråd)

Matansvarleg har vore Hans Brimi (Brimi sæter). Marknadsansvarleg har vore Henning Wangsnes (Valdres Natur- og kulturpark) og presseansvarleg har vore Lene Hovi (Valdres Natur- og kulturpark).

Covid-19 utbrøtet gjorde det vanskeleg å gjennomføre nokså av aktivitetane der det var planlagt fysiske møte. Det vart i staden arrangert digitale møteplassar for deltakarane og laga ei oppsummering av deltagninga. Våren 2020 vart det send søknad om å vere deltakerregion på Internationale Grüne Woche også i 2021, men på grunn av covid-19 utbrøtet vart IGW i 2021 avlyst.

Arbeidet med Fjell Noreg på Internationale Grüne Woche er samanstilt i rapporten *Tre år med Fjell Noreg på Internationale Grüne Woche*. Der er det samla resultat og erfaringar frå Fjell Noreg sine tre første år som deltakerregion på IGW i Berlin.

[Rapport: Tre år med Fjell Noreg på IGW - Fjellnettverket](#)



I 2018 samla fjellområda seg for første gong til felles innsats på Internationale Grüne Woche. No er det laga rapport om arbeidet og resultata.



FJELLNEDTVERKET

Mat og opplevingar i fjellet

Fjellnettverket starta i 2019 i samarbeid med Telemarksforsking arbeidet med å utvikle ei langsiktig satsing på mat og reiseliv i fjellet. I 2020 er det arbeidd videre med utvikling av prosjektet som byggjer på innspel frå verksemndene som har vore med på IGW dei siste tre åra og er ei vidareføring og av dette arbeidet.

Prosjektet skal er ei langsiktig og heilskapleg satsing på utvikling i næringane mat og reiseliv gjennom samarbeid og nettverksbygging på tvers av bransjar og geografi.

Styret i Fjellnettverket har oppnemnd styringsgruppe for prosjektet. Gruppa er breitt samansett og består av følgande personar:

- Kari Randen (dagleg leiar Fjellnettverket og prosjektansvarleg)
- Olav Røssum (styreleiar Fjellnettverket)
- Audun Mogen (rådgjevar næringsutvikling og entreprenørskap i Vestfold og Telemark fylkeskommune,
- representerer fylkeskommunane)
- Nina Glomsrud Saxrud (landbruksdirektør Oslo og Viken, representerer statsforvaltaren)
- Anniken Fægri Damm- Larsen (direktør Innovasjon Noreg, Vestfold og Telemark, representerer
- Innovasjon Noreg).
- Eirik Høyeme Rogn (Mountains of Norway, representerar visitselskapet)
- Nina Mosseby (seniorrådgivar landbrukspolitisk avdeling Landbruks- og matdepartementet)
- Kristine Bjørgum Forde (Setesdals Lefser og Brau)
- Maren Solvang Johnsen (Søberg Gard)

Prosjektet har seks ulike delprosjekt som skal vere med på å styrkje fjellområda som mat- og reiselivsområde.

- Delprosjekt 1, Fjellkraft: Meir berekraftig bruk av fjellressursane som grunnlag for utvikling av fjellområda.
- Delprosjekt 2, Fjellmat og fjelltur: Auke nyskapinga og verdiskapinga for verksemndene.
- Delprosjekt 3, Fjellkunnskap: Auke talet på tilsette med kompetanse innanfor landbruk og reiseliv i fjellområda.
- Delprosjekt 4, Fjellheim: Gjere det lovleg å tilby matservering frå private hushald.
- Delprosjekt 5, Fjell på menyen: Meir lokalmat tilgjengeleg på alle typar serveringsstader.
- Delprosjekt 6, Fjellvegen: Auke profesjonaliteten i kommunikasjonen slik at mat og opplevingar frå fjellet finn vegen ut og når fleire målgrupper.



FJELLNEDTVERKET



Fjellet byr på kortreiste, friske og eksklusive råvarer som smakar både friskt og vilt. Smaken er rein og varar enge.

I 2020 har Viken fylkeskommune, Innlandet fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune støtta prosjektet med finansiering. Det er dialog med Agder fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og Innovasjon Noreg om finansiering.

Styringsgruppa har vedteke å sette i gang tre av delprosjekta, samtidig som det arbeidast med finansiering av dei tre siste. Dei prosjekta som er sett i gang er delprosjekt 1 Fjellkraft, delprosjekt 2 Fjellmat og fjelltur og delprosjekt 4 Fjellheim.

www.fjellnettverket.no



FJELLNETTVERKET